

Læreplan i framandspråk

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsett som forskrift av Kunnskapsdepartementet 15.11.2019.
Eksamensordning fastsett av Kunnskapsdepartementet 29.06.2020.

Gjeld frå 01.08.2020

Gjeld til 31.12.2022

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Fremmedspråk handlar om å forstå og bli forstått. Faget skal bidra til å fremje den personlege utviklinga til elevane og leggje til rette for at dei kan samhandle med og oppleve glede i møte med andre menneske og kulturar. I ei globalisert verd har vi behov for å kommunisere på fleire språk. Formell og uformell kommunikasjon lokalt, nasjonalt og internasjonalt krev språkkunnskapar og kunnskap om andre kulturar og levesett. Dette gjeld ikkje minst i studium og i arbeidslivet. Faget kan bidra til å utvikle den interkulturelle forståinga til elevane.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnet for opplæringa. Kunnskap om det språklege og kulturelle mangfaldet i eit samfunn gir verdifull innsikt i eigen og andre sin bakgrunn. Faget skal bidra til at elevane får kjennskap til ulike identitetar, tenkemåtar og verdier, uttrykksformer, tradisjonar og samfunnsforhold i områda der språket blir snakka. Dette inneber at elevane utviklar toleranse, og forståing av at oppfatninga vår av verda er kulturavhengig. Det å lære eit nytt språk, kunne kommunisere med andre og gjere erfaringar frå kulturmøte opnar for fleire måtar å tolke verda på. Ein sentral del av språklæring er òg å utforske og tenkje kritisk over bruk av kjelder, hjelpemiddel og læringsstrategiar. Faget skal bidra til å gi elevane ei forståing av språkleg og kulturelt mangfald. Gjennom faget skal elevane få erfare at fleirspråklegheit er ein ressurs både i skulen og elles i samfunnet.

Kjerneelement

Kommunikasjon

Kommunikasjon er sjølv hovudkjernen i faget. Å lære fremmedspråk handlar om å forstå og bli forstått. Elevane skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter for å kommunisere på formålstenleg vis både munnleg og skriftleg. Språket skal takast i bruk frå første stund både utan og med bruk av ulike medium og verktøy.

Interkulturell kompetanse

Kunnskap om og ei utforskande tilnærming til andre språk, kulturar, levesett og tenkemåtar opnar for nye perspektiv på verda og oss sjølv. Interkulturell kompetanse inneber å utvikle nysgjerrigheit om, innsikt i og forståing av kulturelt og språkleg mangfald, både lokalt og globalt, for å samhandle med andre.

Språklæring og fleirspråklegheit

Kunnskap om språk og utforsking av eiga språklæring gjer elevane betre i stand til å lære og forstå språk i eit livslangt perspektiv. I møte med faget framandspråk er elevane allereie fleirspråklege og har omfattande språklæringserfaring frå ulike kontekstar. Ved at elevane overfører språkkunnskapar og språklæringserfaringar frå andre språk dei kan og kjenner til, blir læringa meir effektiv og meningsfull.

Språk og teknologi

Å utforske og utnytte fagleg relevant språkteknologi og nye medium gir utvida moglegheiter for kreativ og kritisk læring, bruk og forståing av språk, kommunikasjon og interkulturell kompetanse.

Tverrfaglege tema

Demokrati og medborgarskap

I framandspråk handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om at elevane skal øve opp evna til å tenkje kritisk, og at dei skal lære seg å handtere meiningsbrytingar og respektere usemje. Dette kan opne for fleire måtar å tolke verda på, bidra til å skape nysgjerrigheit og engasjement og medverke til å førebyggje fordommar.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i framandspråk er å skape mening gjennom å lytte, snakke og samtale i ulike kommunikasjonssituasjonar. Utviklinga av munnlege ferdigheiter i framandspråk går frå å bruke ferdigheitene i daglegdagse samanhengar til å bruke dei i stadig meir komplekse situasjonar. Dette inneber å ta i bruk eit gradvis breiare ordforråd og fleire språklege strukturar.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i framandspråk er å skape ulike typar tekstar som kommuniserer eit innhald. Utviklinga av skriveferdigheiter i framandspråk går frå å skrive enkle tekstar om daglegdagse emne til å produsere stadig meir komplekse tekstar om faglege emne. Dette inneber òg å tileigne seg eit gradvis breiare ordforråd, ta i bruk fleire språklege strukturar, og å bruke hjelpemiddel på ein formålstenleg måte.

Å kunne lese

Å kunne lese i framandspråk er å forstå innhaldet i ulike typar tekstar, både på papir og digitalt. Utviklinga av leseferdigheiter i framandspråk går frå å forstå hovudinnhald i enklare tekstar til å forstå stadig meir innhald i komplekse tekstar i ulike sjangrar. Dette inneber å forstå stadig fleire ord, uttrykk og språklege strukturar, og å bruke strategiar, hjelpemiddel og kjelder på ein formålstenleg måte slik at det å lese bidreg til språklæring og interkulturell kompetanse.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i framandspråk er å bruke digitale ressursar og medium til å utvide læringsarenaen og tilføre læringsprosessen verdifulle dimensjonar. Utviklinga av digitale ferdigheiter i framandspråk går frå å bruke desse ressursane til språklæring og møte med autentisk språk, til i aukande grad å bruke dei sjølvstendig for å kommunisere munnleg og skriftleg, innhente kunnskap, utforske kultur og geografi og lage samansette produkt. Dette inneber å utvikle ei medviten og kritisk haldning til bruk av digitale kjelder, å vise dømmekraft i bruk av digitale medium og ressursar, og å følgje reglar for digital samhandling og personvern.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering nivå I

Kompetansemål etter nivå I

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- lytte til og forstå enkel og tydeleg tale om personlege og daglegdagse emne
- delta i enkle samtalar i daglegdagse situasjonar om aktivitetar og kjende emne
- munnleg fortelje om daglegliv og opplevingar og uttrykkje meningar, òg spontant
- lese og forstå tilpassa og enklare autentiske tekstar om personlege og daglegdagse emne
- skrive enkle tekstar om daglegliv og opplevingar som fortel, beskriv og informerer, med og utan hjelpemiddel
- bruke enkle språklege strukturar, reglar for uttale og rettskriving og det offisielle alfabetet til eller teikn for språket for å kommunisere på ein situasjonstilpassa måte
- bruke relevante lærings- og kommunikasjonsstrategiar, digitale ressursar og erfaringar frå tidlegare språklæring i læringsprosessen

- utforske og beskrive levemåtar, tradisjonar og geografi i område der ein snakkar språket, og sjå samanhengar med eigen bakgrunn
- utforske og beskrive kunstnarlege og kulturelle uttrykk frå område der ein snakkar språket, og gi uttrykk for egne opplevingar

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i framandspråk på nivå I når dei forstår og bruker språket munnleg og skriftleg i daglegdags kommunikasjon om kjende og personlege emne, med og utan hjelpemiddel. Dei viser og utviklar òg kompetanse når dei får anledning til å beskrive og reflektere over språket og over samfunnet og kulturen der ein snakkar språket, om nødvendig òg på norsk.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å ta i bruk varierte strategiar og læringsressursar for å utvikle leseferdigheitene og dei munnlege og skriftlege ferdigheitene til elevane. Elevane skal få oppleve at det å prøve seg fram åleine og saman med andre er ein del av det å lære eit språk. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i framandspråk. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i å forstå og gjere seg forstått på framandspråket, munnleg og skriftleg.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i framandspråk ved avslutninga av opplæringa på nivå I. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i framandspråk nivå I basert på den kommunikative og interkulturelle kompetansen til eleven, der munnleg og skriftleg formidlingsevne blir tillagde like stor vekt.

Kompetansemål og vurdering nivå II

Kompetansemål etter nivå II

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- lytte til og forstå tydeleg tale om personlege og fagleg relevante emne og aktuelle saker
- samtale i ei rekkje daglegdagse situasjonar om kjende og fagleg relevante emne

- munnleg forklare fagleg relevante emne, skildre opplevingar, hendingar og planar, og grunngi meiningar, òg spontant
- lese og forstå ulike typar tekstar, òg autentiske, om personlege og fagleg relevante emne og aktuelle saker
- skrive ulike teksttypar om personlege og fagleg relevante emne, og uttrykkje og grunngi eigne meiningar, med og utan hjelpemiddel
- bruke grunnleggjande språklege strukturar, reglar for uttale og rettskriving og det offisielle alfabetet eller teikn for språket for å kommunisere på ein situasjonstilpassa måte
- bruke relevante lærings- og kommunikasjonsstrategiar, digitale ressursar og erfaringar frå tidlegare språklæring i læringsprosessen
- utforske og gjere greie for mangfald, samfunnsforhold og historiske hendingar i område der ein snakkar språket, og sjå samanhengar med eigen bakgrunn
- utforske og presentere kunstnarlege og kulturelle uttrykk frå område der ein snakkar språket, og gjere greie for eigne opplevingar

Undervegsvurdering

eUndervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i framandspråk på nivå II når dei forstår og bruker språket munnleg og skriftleg i daglegdagse situasjonar og i kommunikasjon om fagleg relevante emne, med og utan hjelpemiddel. Dei viser og utviklar òg kompetanse når dei får anledning til å beskrive og reflektere over språket, samfunnet og kulturen der ein snakkar språket.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å ta i bruk varierte strategiar og læringsressursar. Læraren skal leggje til rette for at elevane kan utvikle leseferdigheiter og munnlege og skriftlege ferdigheiter gjennom å vere kreative og prøve seg fram, åleine og saman med andre. Elevane skal få oppleve at det å prøve seg fram er ein del av det å lære eit språk. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i framandspråk. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i å forstå og gjere seg forstått på framandspråket i kjende og ukjende kommunikasjonssituasjonar, munnleg og skriftleg.

Standpunktavurdering

Standpunktavurderinga skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i framandspråk ved avslutninga av opplæringa på nivå II. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i framandspråk nivå II basert på

den kommunikative og interkulturelle kompetansen til eleven, der munnleg og skriftleg formidlingsevne blir tillagde like stor vekt.

Vurderingsordning

Standpunkt vurdering

Etter 10. trinn: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Etter vg2/vg3: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Eksamen for elever

Etter 10. trinn: Eleven kan bli trekt ut til munnleg eksamen med førebuingssdel. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Etter vg2/vg3: Eleven kan bli trekt ut til skriftleg eksamen. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. Eleven kan òg bli trekt ut til munnleg eksamen med førebuingssdel. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Eksamen for privatistar

Etter 10. trinn: Sjå gjeldande ordning for grunnskuleopplæring for vaksne.

Etter vg2/vg3: Privatisten skal opp til munnleg eksamen. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. Privatisten skal òg opp til munnleg eksamen. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.